

årsrapport 2015



VI GJER KULTURARVEN SYNLEG!

Sunnmøre Museum · Aalesunds Museum
Volda Bygdetun · Godøy Kystmuseum
Herøy Kystmuseum · Sivert Aarflot-Museet
Brudavolltunet · Ytste Skotet · Møbelmuseet
Dalsfjord Fyrmuseum · Sykkylven Naturmuseum
Landbruksmuseet for Møre og Romsdal

OM STIFTINGA	04
FORVALTING	08
FORSKNING	10
FORMIDLING	14
FORNYING	18
REKNESKAP	22



Ivrige bakarar frå Hessa skule førebur jula
i Dybhuset på Sunnmøre Museum

Det var 12 museumseiningar innan Stiftinga Sunnmøre Museum (SSM) i 2015. Sunnmøre Museum, Aalesunds Museum, Godøy Kystmuseum, Herøy Kystmuseum, Volda Bygdetun, Sivert Aarflot-museet, Brudavolltunet, Møbelmuseet, Sykkylven Naturmuseum, Ytste Skotet, Landbruksmuseet for Møre og Romsdal og Dalsfjord Fyrmuseum.

Samstundes er det fleire ulike samlingar og institusjonar utanom SSM som ein har hatt kontakt med, og då som regel i samarbeid med kommunane på Sunnmøre. I 2015 gjekk ein inn i eit treårig prosjekt knytt til utvikling av bærekraftige reiselivsopplegg knytt til kulturminne i Norddal kommune. Saman med Giske kommune og andre aktørar har vi arbeidd med korleis vi kan ta vare på og formidle historia til Vigra kringkastar.



I mars 2015 opna Aalesunds Museum utstillinga «Forhistoriske skatter» – som byggjer på gjenstandar knytt til stein-, bronse- og jernalderen. Gjenstandane vart levert inn til museet i perioden 1903 - 1960, og no – for fyste gong, vist fram til publikum.



forvaltning

—
Totalt har SSM lagt ut 8500 gjenstandar på Digitalt Museum – ein nettportal som gjer museet sine «gøynde skattar» tilgjengelig også for publikum.

Avdelingane ved SSM er godt i gang med å digitalisere samlingane. Hittil er om lag 18400 gjenstandar, foto ikkje medrekna, registrert i Primus og 8500 av registreringane er publiserte på Digitalt Museum. SSM legg vekt på at registreringar som vert publiserte på Digitalt Museum skal vere kvalitetssikra og fullstendige.

Gode rutinar for dokumentasjon og magasinerer er etablert. Registrerings- og forvaltningsarbeidet er sett opp som eit høgt prioritert område av styret i SSM.

SIKRING

Det er utarbeidd sikringsplan for alle avdelingar av SSM. Fleire prioriterte tiltak er sett i gang med utgangspunkt i planen. Fellesmagasinet på Sunnmøre Museum gjer at stadig fleire gjenstandar får tilfredsstillande lagring. I 2015 er det utarbeidd planteikningar for eit nytt lagerbygg for større gjenstandar. Finansieringsplan er og på plass. Det har vore arbeid med rydding og oppgradering av to lagerbygg på Sunnmøre Museum. Det eine lagerbygget har fått installert ventilasjonsanlegg. Det andre er tømt for uprioriterte gjenstandar og gjort klar for lagring av større gjenstandar og rekvisita. Vi har også sikra arkeologiske gjenstandar betre lagringstilhøve.

Det er i 2015 laga planar for installering av alarmanlegg ved friluftsmuseet i Borgundgavlen. Det er søkt om midlar til tiltaka, og tilsegn om tilskot til gjennomføring av prosjektet er gjeve. Det er og installert nytt brannvarslingsanlegg på Fiskerimuseet. Tilsette ved SSM har gjeve råd til privatpersonar og andre om vern av bygningar og gjenstandar.

VEDLIKEHALD

Bygningsmessig følgjer vi planen for vedlikehald av antikvariske bygningar. Det ligg framleis store utfordringar i handteringa av den historiske bygningsmassen. SSM deltek i utviklinga av bygningsmodulen i Primus. Denne vil gjere det lettare å administrere dokumentasjon, vern og vedlikehald av antikvariske bygningar, og gjere materialet lettare tilgjengeleg for publikum gjennom Digitalt Museum. Som driftsorganisasjon arbeider vi med å få på plass eit godt samarbeid om vedlikehald og sikring med museumseigarane. Avsette vedlikehaldsmidlar er nytta til planlagt arbeid på driftsbygningar og uteområda.



—
Elevar frå Volda kommune forskar på korleis dei grindbygde løene vart satt opp. Dette i samband med det nye formidlingstilbodet «Anno».

SSM ønskjer at musea skal drive forskning. Dette er i tråd med at samlingsplanen legg opp til ein målretta og aktiv innsamlingspolitikk. Styrka forskning er òg avgjerande for formidling ved museet. Konservatorar ved SSM har i 2015 arbeidd med å skaffe fram dokumentasjon om handelssoga på Sunnmøre. Dokumentasjonen er bearbeidd og formidla gjennom utstillinga "Frå krambud til kjedebutikk". Det er utarbeidd ein katalog til utstillinga.

Ferdsle langs kystleia og kulturminna der, har stått sentralt i Flåværløia-prosjektet. Her dokumenterer vi korleis tryggare ferdsel langs kysten var viktig for å byggje nasjonen Noreg. Eit sentralt element i prosjektet er innhenting av informasjon om losane si verksemd på Søre Sunnmøre. SSM ønskjer å arbeide vidare med loshistoria, både regionalt og som ein del av Kystverkmusea sitt arbeid med loshistoria. Det er arbeid med ei ny losutstilling ved Fiskerimuseet i Ålesund, og det er gjort innsamling av livsminne frå lokale losar.

I samband med bygginga av ei ny utstilling og ny formidling av mellomalderbyen Borgund, har vi arbeid for å skaffe ny kunnskap gjennom ulike arkeologiske prosjekt. Det er etablert eit samarbeid med Bergens Sjøfartsmuseum og Bergen Universitetsmuseum.

I 2015 fullførte SSM eit bokprosjekt om utviklinga av den tekniske utdanninga ved Høgskulen i Ålesund, no NTNU avd. Ålesund. Konservatorar ved SSM har bidrege med faglege artiklar til historieskrift i regionen. Mellom anna vart det skriva ein større artikkel om dei eldste husa på Sunnmøre i Årbok for Sunnmøre 2015.

SSM har eit fleirårig forskingsprosjekt gåande der vi ser på effekten av slått på artsmengde og mangfald på ei slåttefjell. SSM ønskjer å leggje til rette tidsmessig og praktisk for at tilsette med forskingskompetanse skal få arbeide med forskning innafor fagfelt som er relevante for museet. Det vart til dømes arbeid med historia til ein kjøpmannsfamilie på Sunnmøre.



Formidlingstilbudet «Matkultur» er utarbeid for ungdomsskuleelevar på 9.trinnet. Her legg ein vekt på at elevane sjølv skal lære å lage tradisjonsmat; alt frå safting og sylting til brødbaking i vedfyrt omn og fisk laga i kokegrop.



formidling

SSM legg vekt på å utvikle formidling som er aktivitetsbasert. Dette er ei ressurskrevjande undervisningsform, men er i tråd med vår arbeidsmetodikk: «å lære ved å gjere».

Den Kulturelle Skulesekken har vore eit viktig tilbod også i 2015. Mellom anna har SSM gjennomført undervisningsopplegga «ANNO», «Bronsealderkoffert» og «Tradisjonsmat». I 2015 har vi i samarbeid med fylket utvikla eit nytt turnebasert tilbod til ungdomsskuletrinnet og vidaregåande skule: "Båten og mennesket" – dette er formidling av immateriell kulturarv.

Det har også vore viktig å samarbeide med Den Kommunale Skulesekken, og å vere ein aktiv part i kommunane sitt DKS-arbeid.

I 2015 har vi hatt eit ekstra fokus på formidling av Banksøyta som vert bygd i Ålesund sentrum. Vi har formidla til barne-, ungdoms-, vidaregåande- og høgskule. Generelt sett vert formidlinga ved SSM lagt opp etter eksisterande formidlingsplan. I denne planen legg vi vekt på å utvikle formidling som er aktivitetsbasert og som er relatert til kunnskapsløftet. Dette er ei ressurskrevjande undervisningsform, men er i tråd med vår arbeidsmetodikk; «å lære ved å gjere».

Skuleformidlinga famnar frå barnehagar til høgskule. I 2015 nytta 13253 skuleelevar eitt eller fleire av dei organiserte skuletilboda til SSM. Av desse deltok 8110 i tiltak knytt til Den Kulturelle Skulesekken. Det er elevar frå både vertskommunane for museumsavdelingane i SSM og andre kommunar som nyttar seg av skuletilbodet. I tillegg har vi gjennomført 87 andre arrangement som familiedagar, sommaraktivitetar, foredrag m.m. tilpassa øvrige målgrupper.

UTSTILLINGAR

Arbeidet med den nye permanente utstillinga ved Sykkylven Naturmuseum, "Mosaikk", har gått for fullt. Det same gjeld arbeidet med den nye utstillinga om mellomalderbyen Borgund. Desse opnar i første halvår av 2016. Det same gjeld utstillinga "Frå krabud til kjedebutikk" om handelshistoria på Sunnmøre. Dessutan vart tre temporære utstillingar sett opp, mellom anna jubileumsutstillinga om fotografen Wisle.



«Spinnville dagar» på Brudavolltunet er eit årleg sommartilbod for barn i alderen 8-12 år. Tilbodet går over tre dagar med aktivitetar knytt til ulike husflids- og handverkstradisjonar.



SSM skal arbeide for å ta vare på både materielle og immaterielle minne som særpregar vår region.

SSM skal synleggjere den historiske utviklinga på Sunnmøre med entusiasme og kompetanse. Museet har som rettesnor: «Vi gjer kulturarven synleg». Gjennom arbeid med samlingsplanen har vi definert og avgrensa kva som er relevant og viktig i eit samfunnsperspektiv. SSM arbeider for at den utvelginga knytt til tilvekst som vi gjer, gir eit dekkande og balansert bilde av det mangfaldet som utgjer regionalt samfunnsliv opp gjennom tidene.

Dei tilsette innan SSM har breitt samansett kompetanse. Dei sit i ulike råd og organisasjonar og har aktive roller i faglege spørsmål frå både kommunar, presse og privatpersonar. SSM er også høyringsinstans for Ålesund kommune i samband med byggesaker som gjeld verna hus i byen.

NASJONALE NETTVERK

SSM er tilknytt desse nasjonale museumsnettverka: Byggnettverket og Nettverk for fiskeri- og kystkultur. Direktør er styreleiar i Norges Museumsforbund.

UTVIKLINGSTILTAK /PERSONALUTVIKLING

SSM gjennomførte i 2012 ein løns- og kompetanseanalyse der vi mellom anna kartla dei tilsette sin noverande og ønska kompetanse. På bakgrunn av denne kartlegginga har SSM arbeidd med å definere ein «Kompetanseplan», der målet er å utarbeide ein strategisk plan knytt til kompetansebehov fram til 2025. SSM sette i 2015 i gang arbeidet med ny strategi: «SSM skal vere dagsaktuell, attraktiv og tilgjengeleg med fokus på samtidshistoria knytt til kystkultur».

DIGITALISERING

Alle musea registrerer samlingane i Primus, og vi deltek i utviklinga av den nye bygningsmodulen. I tillegg er vi knytt opp mot Digitalt Museum. Museet er ein aktiv leverandør av kulturminne til ulike nettbaserte formidlingskanalar. SSM arbeider med formidling gjennom heimesider, Facebook, Lokalhistoriewiki og vi har fleire aktive bloggarar.



Bygginga av ei bankskøyte – eit 60 fots havfiskefarty som ferdigstallast i 2016. Gjennom året har vi hatt eit ekstra fokus på å formidle byggjeprosessen og historia knytt til bankskøytene.

LIKESTILLING

Det var ved utgangen av året 37 tilsette (i 32 årsverk) i Stiftinga Sunnmøre Museum, 19 kvinner og 18 menn. Det er ingen lønsforskjell mellom menn og kvinner i tilsvarende stillingar. Stiftinga arbeider aktivt for å fremje likestilling.

IMMATERIELL KULTURARV

SSM skal arbeide for å ta vare på både materielle og immaterielle minne som særpregar vår region. Formidlingstilboda innan SSM inneheld i aukande grad immateriell kulturarv. Gjennom samlingsplanen har vi lagt opp til meir systematisk arbeid med den immaterielle kulturarven. Døme på dette er aktivitetar knytt til matlaging, husflid og ymse handverk.

Bygginga av Bankskøyta er eit fleirårig prosjekt der ein bygg eit 60 fots havfiskefarty slik dei vart bygde på Sunnmøre i andre halvdel av 1800-talet. Ein nyttar gamle handverksteknikkar, og heile prosjektet vert dokumentert frå utvelging av trevirke til ferdig rigga båt. Frå 2016 inngår Bankskøyta som ein del av formidlingstilbodet ved SSM. Museet deltek i Museumsforbundet sin seksjon for immateriell kulturarv.

UNIVERSELL UTFORMING

Museet satsar på å vere sosialt inkluderande. Alle skal ha tilgang til musea. Det vil seie at vi har universell utforming som mål når vi bygg om eller bygg nytt. Universell utforming gjeld og for SSM sine nye heimesider.

MANGFALD

På Sunnmøre Museum og ved Aalesunds Museum har ein fast avtale med vaksenopplæringa i kommunen. I tillegg stiller Sunnmøre Museum museumslokala til disposisjon for «Internasjonalt kor».

I 2015 utvida vi det eksisterande tilbodet for gruppa "Tidleg demente" ved å ruste opp og innreie eit stabbur på museet som eit lokale for fysisk trening. SSM er og ein viktig part i NAV sitt arbeidstreningprogram, i tillegg til at vi samarbeider med den lokale atfføringsbedrifta Brisk.

rekneskap

resultatrekneskap

RESULTATREKNESKAP	NOTE	2015	2014
Driftsinntekter			
Eigeninntekt	1	4 177 364	4 394 026
Ordinære offentlege driftstilskot	1,2	23 643 084	24 144 706
Særskilte prosjektilskot	10	2 776 319	1 642 958
Sum driftsinntekter		30 596 767	30 181 690
Driftskostnader			
Varekostnad	1	472 986	662 937
Løn- og personalkostnad	8	20 469 553	20 564 827
Avskrivning på varige driftsmidlar	3	217 974	206 276
Drift av bygg og anlegg		2 442 429	2 532 682
Vedlikehald samlingar og utstyr		1 791 100	1 717 751
Administrasjon og kontorhald		299 521	362 208
Reiser og kurs		714 705	631 682
Kjøpte tenester		1 268 778	1 432 988
Formidlingskostnad		413 844	548 893
Marknadsføring/publikumskostnad		349 568	339 229
Utstillingskostnad		1 260 454	1 275 249
Andre driftskostnader		210 458	128 318
Sum driftskostnader		29 911 370	30 403 040
Driftsresultat		685 397	-221 350
Finansposter			
Renteinntekt		127 162	237 380
Anna finanskostnad		3 329	2 608
Sum netto finansposter		123 833	234 772
Årsresultat		809 230	13 422
Disponering			
Overføringar anna eigenkapital	7	809 230	13 422
Sum disponert		809 230	13 422

balanse

notar

BALANSE	NOTE	31.12.2015	31.12.2014
EIGNELUTAR			
Varige anleggsmidler			
Bygg, anlegg, maskiner og inventar	1,3	2 296 376	2 514 350
Eigenkapitalandel KLP	3,8	531 881	476 162
Sum varige anleggsmidler		2 828 257	2 990 512
Varer			
Varebeholdning museumsbutikk	1	183 182	89 635
Sum varer		183 182	89 635
Omløpsmidlar			
Kundefordringar	4	306 077	101 147
Fording offentlege driftstilskot	4	659 082	120 000
Fordringar anna	4	3 108 243	1 430 029
Forskot / interim	5	405 066	410 264
Bankinnskot og kontantar	6	7 716 776	7 616 319
Sum omløpsmidlar		12 195 244	9 677 759
Sum eignelutar		15 206 683	12 757 906
EIGENKAPITAL OG GJELD			
Eigenkapital			
Innskoten eigenkapital		200 000	200 000
Anna eigenkapital	7	4 741 936	3 932 706
Sum eigenkapital		4 941 936	4 132 706
Gjeld			
Leverandørgjeld		1 840 317	1 861 287
Skuldig offentlege avgifter		1 253 050	1 342 027
Anna kortsiktig gjeld	10	7 171 380	5 421 886
Sum kortsiktig gjeld		10 264 747	8 625 200
Sum eigenkapital og gjeld		15 206 683	12 757 906

NOTE 1 – REKNESKAPSPRINSIPP

Årsrekneskapen er satt opp i samsvar med rekneskapslova og god rekneskapskikk for små foretak. Desse prisippa er brukt: Salsinntekter resultatførest ihht opptenings-prinsippet, når vara er levert eller tenesten er utført. Ordinære driftstilskot vert bruttoført. Dettar inneber at driftstilskota blir periodisert og inntektsført over heile driftsåret. Tilskot til kjøp av samlingar og tilskot til kjøp av aktiverte eigedelar blir nettoført i balansen. Omløpsmidlar og kortsiktig gjeld omfattar postar som forfell innan eit år etter balansedato. Varer blir verdsett til lågaste verdi av innkjøpsprisen etter FIFO-prinsippet og verkeleg verdi. Kundefordringar og andre fordringar er oppført i balansen til pålydande verdi etter frådrag for avsetjing til tap på fordring. Varige driftsmidler er i balansen vurdert til kostpris, og blir avskrevne over den økonomiske levetida.









NOTE 2 – ORDINÆRE OFFENTLEGE DRIFTSTILSKOT

	2015	2014
Kulturdepartementet	13 697 000	13 427 000
Kulturdepartementet, øyremerkt Grunnlovsjubileet		1 000 000
Samferdsledepartementet	1 179 000	1 133 333
Møre og Romsdal Fylke	5 245 000	5 141 000
Kommunane	3 522 084	3 443 373
Sum	23 643 084	24 144 706

Kommunale driftstilskot, spesifisert

	2015	2014
Alesund	1 443 000	1 401 000
Volda	610 000	596 373
Sykkylven	420 000	410 000
Herøy	264 084	257 000
Giske	250 000	250 000
Ørsta	250 000	250 000
Vestnes	135 000	132 000
Stordal	130 000	127 000
Ørskog	20 000	20 000
Sum	3 522 084	3 443 373

Alesund 24. februar 2016

 Styrenestleiar Jørgen Holte	 Styremedlem Anne Dyb Liaaen	 Styremedlem May-Ellen M Grimstad	 Styremedlem Ingvill Naalsund
 Styremedlem Monica Marcelli	 Styremedlem Bjørn Nedreskodje	 Styremedlem Robert Voldnes	 Direktør Ivar Gunnar Braaten

notar

—

NOTE 3 – DRIFTSMIDLAR	BYGG OG ANLEGG	ANTI KV. BYGG	INVENTAR & UTSTYR	SUM
Kostpris 01.01.	40 310 738	4 595 799	928 165	45 834 702
Investeringsstilskot ført til fradrag pr 01.01.	-34 379 235	-3 611 187		-37 990 422
Akkumulert avskrivingskostnad pr 01.01.	-4 824 440		-505 491	-5 329 931
Årets tilgang	13 139 935			13 139 935
Årets avgang				
Årets investeringsstilskot ført til fradrag	-13 139 935			-13 139 935
Årets avskrivingskostnad	-68 844		-149 129	-217 973
Avskrivingsstype	saldo	ingen	lineær	
Bokført verdi pr 31.12.	1 038 219	984 612	273 545	2 296 376

Årets investeringsstilskot ført til fradrag er Bankskøyte under bygging; kr 11 886 925 og Middelaldermuseum under bygging kr 1 253 010.

Finansielle anleggsmidler er investering i egenkapitalandel i Kommunal Landspensjonkasse - KLP. Sjå og note 8.

NOTE 4 – FORDRINGAR	2015	2014
Kundefordringar:	306 077	126 147
Fordring off.driftstilskot	659 082	120 000
Fordringar anna:		
Lønstilskot frå Nav		36 000
Godøy Museumslag	94 822	
Fordring Bankskøyta	1 903 459	560 534
Merverdiavgift til gode	1 109 961	833 495
Sum fordringar anna	3 108 242	1 430 029

notar

—

NOTE 5 – FORSKOT OG INTERIM	2015	2014
Forskotsbetalt kostnad	259 680	392 818
Forskotsbetalt forsikring	17 884	17 446
Påløpt inntekt	127 500	
Sum forskot / Interim	405 064	410 264

NOTE 6 – BANKINNSKOT OG BUNDNE MIDLAR	2015	2014
Bankinnskot og kontantar	7 716 776	7 616 319

Pr 31.12.2015 har SSM bundne midlar med kr 617 933. Dette er skuldig skattetrekk kr 617 933.

NOTE 7 – EIGENKAPITAL	31.12.	01.01.
Eigenkapital innskoten	200 000	200 000
disponert årsresultat	809 230	
Sum eigenkapital opptent	4 741 936	3 932 706
Sum eigenkapital	4 941 936	4 132 706

NOTE 8 – TILSATTE, LØN, GODTGJERSLER, PENSJONSORDNING M.V.

Det er registrert fylgjande kostnader til løn og personal i Stiftinga Sunnmøre Museum dei siste to åra.

	2015	2014
Løn/ Honorar	16 188 564	15 460 561
Arbeidsgjevaravgift	2 505 737	2 512 850
Refusjonar frå NAV	-673 497	-358 768
Pensjonskostnader	2 054 868	2 456 841
Sosiale kostnader/forsikringar	393 881	493 344
Sum lønskostnader	20 469 553	20 564 828
Årsverk	32	33
Sjukefråvær	7,37 %	5,45 %

Ytingar til leiar

Det er i 2015 kostnadsført kr 730 281 i løn og kr 14 455 i anna godtgjersle til direktør.

Tenestepensjon

Stiftinga Sunnmøre museum er tilslutta Kommunal Landspensjonskasse - KLP. Ordninga i KLP omfattar og avtafestata pensjonsordning - AFP.

	2015	2014
Samla pensjonspremie	2 280 961	2 711 827
Premiefond	2 699 775	2 335 696
Innbetalt eigenkapital	55 719	476 162
Premiegrunnlag	31.12.2015	13 723 752
Premiereserve	31.12.2015	18 853 354

Antall personar og og type tilknytning til ordninga	2015	2014
AFP 65-66 år	2	1
Alderspensjon	8	7
Uførepensjon	1	1
Sum pensjonister	11	9
Aktive medlemmer	34	33
Oppsatt med rettighet	11	11
Oppsatt uten rettighet	22	22
Sum totalt	67	66

Medlemmer som mottek både løn og pensjon fra KLP blir talt med både som aktive og som pensjonistar. Med "Oppsatte med rettighet" meinast personer som ikkje lenger er registrert som aktive i avtala, og som har ein fremtidig pensjonsrettighet. Med "Oppsatte uten rettighet" meinast personer som ikkje lenger er registrert som aktive i avtala, og som har mindre enn tre års tenestetid i denne avtala. Dette gir i seg sjølv ikkje ein rett til pensjon, men overføringsavtala gjer at det kan utløysast ein pensjonsrettighet for desse hvis tenestetida innafor overføringsavtala samla blir tre år eller meir.

Honorar for revisjon

Det er i 2015 kostnadsført kr 89 000 i revisjonshonorar.

NOTE 9 – PANTSETTINGAR

Riksanvikvaren har pant i fiskekuttaren "HELAND" som sikkerheit for overførte tilskot. Bokført verdi av båten utgjer etter frådrag for tilskot kr 585 578,-.

NOTE 10 – ANNA KORTSIKTIG GJELD	2015	2014
Feriepengar skuldig	1 674 033	1 540 845
Påløpt kostnad	40 413	54 238
Ingvald Skjeldrups Legat	41 720	41 652
Tilskot eksternfin. prosjekt	1 815 215	3 785 151
Gåveforsterkningsmidlar	3 600 000	
Sum	7 171 381	5 421 886

Stiftinga får tilskot til spesifikke prosjekt frå eksterne organisasjonar, både private og offentlege. I oppstillinga er desse kalla «tilskot eksternfinansierte prosjekt». Prosjekttilskota gis under føresetnad om at midlane berre blir nytta i sitt spesifikke prosjekt. Prosjekttilskota inntektsførast i takt med kostnadsføring av påløpte prosjektkostnader. Innbetalte, men enno ikkje nytta prosjekttilskot står i balansen som kortsiktig gjeld.

Pengegåver (over kr 100 000) til museet frå private aktørar kan utløyse gaveforsterkningsmidlar frå staten. Ordninga gir museet midlar tilsvarende 25 % av gaven. Departementet legg ikkje føringar på kva gaven skal nyttast til utover dei generelle gøringane som ligg i dei ordinære tilskotsbrev.

Innbetalte, men enno ikkje nytta gaveforsterkningsmidlar står i balansen som kortsiktig gjeld. Gåver (mottekne i 2014 og 2015) som utløyste forsterkningsmidlar i 2015 er: Frå Stiftelsen Kjell Holm til bygging av bankskøyta; sum kr 14 000 000 og frå Stiftelsen UNI sum kr 400 000; kr 300 000 til Middelaldermuseum og kr 100 000 til rehabilitering av Slettereitstova.









Stiftinga Sunnmøre Museum (SSM) driv museumsverksemd og er regionmuseum for Sunnmøre. Museet har hovudsete i Borgundgavlen i Ålesund. Ved utgangen av 2015 omfatta regionmuseet 12 einingar. SSM mottar driftstilskot fra det offentlege, men har òg egne inntekter. Museet utviser streng budsjettkontroll, og har eit driftsnivå som er tilpassa tilgjengelege midlar. I 2015 har styret hatt seks møte, og handsama til saman 49 saker. Styret har dessutan vore samla til eit to-dagars styreseminar.

Reglar og instruksar for internkontroll er vidareutvikla. Det er ikkje rapportert om skadar på arbeidsplassen. Sjukefråveret har vore 7,37% av total arbeidstid. Dette er ein auke på nærare 2 prosent frå 2014. Auken skuldast to langtidssjukemeldte. SSM arbeider konsekvent for at det ikkje skal vere skilnad på personalet grunna kjønn. Av museet sine 37 tilsette er 19 kvinner og 18 menn. Verksemda si drift forureinar ikkje det ytre miljø utover det som må sjåast som naturleg for den type verksemd. Styret prioriterer å ha fast tilsette ved dei ulike einingane. Stillingar som dekkjer felles fagfunksjonar for heile SSM, ser til at arbeidet skjer innafør dei strategiar og mål som styret vedtek, og at faglege føringar og prioriteringar frå det offentlege, blir ivareteke. Årsplanar for tilsette og avdelingar vert sett opp innafør rammene av dei overordna fagplanane ved SSM. Dette året vart forskingsplan rullert.

Ved sidan av den daglege drifta har tilsette i SSM arbeidd med fleire store prosjekt i 2015: Den nye utstillinga ved Middelaldermuseum vil bli slutført våren 2016. Den nye basisutstillinga ved Sykkylven Naturmuseum er òg klar til opning i mars 2016. Gjennom statlege tilskot har vi fått finansiert flytting av bedehuset frå Åkre på Haramsøya, til Borgundgavlen. Midlar frå Kystverkmusea bidreg til å finansiere ei ny, permanent utstilling om den sunnmørske los-historia. Utstillinga skal vere på Fiskerimuseet i Ålesund. Den største satsinga er likevel bygging av Bankskøyta. Dette prosjektet, som er initiert og finansiert av Stiftelsen Kjell Holm, vil bli fullført varen 2016.

Ei hovudsatsing for SSM er formidling til barn og unge. Deltaking i Den Kulturelle Skulesekken (DKS) utgjer ein vesentleg del av denne satsinga. I alt har 8110 elevar tatt del i undervisning knytt til DKS i året som gjekk. SSM hadde 89 493 besøkjande i 2015. Dette er ein auke på om lag 2000 i høve til året før. I samsvar med Rekneskapslova § 3-3 vert det med dette stadfesta at føresetnadene for framleis drift er til stades og lagt til grunn ved framlegging av årsrekneskapan. Rekneskapan for 2015, etter avskrivning, syner eit årsresultat på kr. 809 230. Styret kjenner ikkje til ekstraordinære tilhøve som har innverknad på museet sin rekneskap. Det har ikkje inntreffe tilhøve etter avslutning av rekneskapsåret som har innverknad på rekneskapan.

Borgundgavlen, 24. februar 2016

 Styrenestleiar Jørgen Holte	 Styremedlem Anne Dyb Liaaen	 Styremedlem May-Ellen M Grimstad	 Styremedlem Ingvill Naalsund
 Styremedlem Monica Marcelli	 Styremedlem Bjørn Nedreskodje	 Styremedlem Robert Voldnes	 Direktør Ivar Gunnar Braaten



Tel: +47 70 17 88 80
Faks: +47 70 17 88 88
www.bdo.no

Daamskogen Havningsbygg
Langelandveien 17
4010 Ålesund

Til styret i Stiftinga Sannmøre Museum

Melding frå revisor

Fråsegn om årsrekneskapen

Vi har revidert årsrekneskapen for Stiftinga Sannmøre Museum, som viser eit overskot på kr 809 230. Årsrekneskapen er samansett av balanse per 31. desember 2015, resultatrekneskap, for rekneskapsåret avslutta per denne dato, og ei beskriving av vesentlege rekneskapsprinsipp som er nytta, og andre noteopplysningar.

Styret og dagleg leiar sitt ansvar for årsrekneskapen

Styret og dagleg leiar er ansvarleg for å utarbeide årsrekneskapen og for at den gir eit rettvissande bilete i samsvar med rekneskapslova sine reglar og god rekneskapskikk i Noreg, og for slik intern kontroll som styret og dagleg leiar finn nødvendig for å gjøre det mogleg å utarbeide ein årsrekneskap som ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon, korkje som følgje av misleg framferd eller feil.

Revisor sine oppgøver og plikter

Oppgåva vår er, på grunnlag av revisjonen vår, å gi uttrykk for ei meining om denne årsrekneskapen. Vi har gjennomført revisjonen i samsvar med lov, forskrift og god revisjonsskikk i Noreg, medrekna International Standards on Auditing. Revisjonsstandardene krev at vi etterlever etiske krav og planlegg og gjennomfører revisjonen for å oppnå tryggande sikkerheit for at årsrekneskapen ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon.

Ein revisjon inneber utføring av handlingar for å innhente revisjonsbevis for beløp og opplysningane i årsrekneskapen. Dei valde handlingane avheng av revisor sitt skjønn, mellom anna vurderinga av risikoane for at årsrekneskapen inneheld vesentleg feilinformasjon, anten det skuldast misleg framferd eller feil. Ved ei slik risikovurdering tek revisor omsyn til den interne kontrollen som er relevant for stiftinga si utarbeiding av ein årsrekneskap som gir eit rettvissande bilete. Føremålet er å utføre revisjonshandlingar som er formåstenlege etter tilhøva, men ikkje å gi uttrykk for ei meining om effektiviteten av stiftinga si interne kontroll. Ein revisjon omfattar også ei vurdering av om dei rekneskapsprinsippa som er nytta, er formåstenlege, og om rekneskapsestimata som er utarbeidd av leilinga, er rimelege, samt ei vurdering av den samla presentasjonen av årsrekneskapen.

Vi meiner at innhenta revisjonsbevis er tilstrekkeleg og formåstenleg som grunnlag for konklusjonen vår.

Konklusjon

Vi meiner at årsrekneskapen er avgjeven i samsvar med lov og forskrifter og gir eit rettvissande bilete av den finansielle stillinga til Stiftinga Sannmøre Museum per 31. desember 2015, og av resultatata for rekneskapsåret som vart avslutta per denne dato i samsvar med rekneskapslova sine reglar og god rekneskapskikk i Noreg.

BDO AS, et norsk aksjeselskap, er deltaker i BDO International Limited, et offentlig notert selskap, og er en del av BDO International. BDO International, som består av selskaper i de enkelte land, BDO er medlemmer av BDO-nettverket og har til sammen ca. 100 medlemmer. For ytterligere informasjon kontakt: +47 70 17 88 80.



Melding frå revisor - 2015 - Stiftinga Sannmøre Museum, side 2

Fråsegn om andre tilhøve

Konklusjon om årsmeldinga

Basert på revisjonen vår av årsrekneskapen slik den er skildra ovanfor, meiner vi at opplysningane i årsmeldinga om årsrekneskapen, føresetnaden om at drifta skal halde fram er konsistente med årsrekneskapen og er i samsvar med lov og forskrifter.

Konklusjon om registrering og dokumentasjon

Basert på revisjonen vår av årsrekneskapen slik den er beskriven ovanfor, og kontrollhandlingar vi har funne nødvendige etter internasjonal standard for attestasjonsoppdrag ISAE 3000 "Attestasjonsoppdrag som ikkje er revisjon eller forenklet revisorkontroll av historisk finansiell informasjon", meiner vi at leilinga har oppfylt plikta si til å sørge for ordentleg og oversiktleg registrering og dokumentasjon av stiftinga sine rekneskapsopplysningar i samsvar med lov og god bokføringskikk i Noreg.

Konklusjon om forvaltning

Basert på revisjonen vår av årsrekneskapen slik den er beskriven ovanfor, og kontrollhandlingar vi har funne nødvendige etter internasjonal standard for attestasjonsoppdrag ISAE 3000 "Attestasjonsoppdrag som ikkje er revisjon eller forenklet revisorkontroll av historisk finansiell informasjon", meiner vi at stiftinga er forvalta i samsvar med lov, stiftinga sitt formål og vedtektene for øvrig.

Ålesund, 25. februar 2016

BDO AS

Erik Langlo-Johansen
Statsautorisert revisor



Stiftinga
Sunnmøre
Museum

MUSEUMSVEGEN 1
6015 ÅLESUND

TLF. 70 16 48 70
SUNNMORE.MUSEUM.NO